

Øygarden brann og redning IKS

- "I arbeid for eit branntrygt lokalsamfunn!"



Årsmelding 2018



Øygarden brann og redning IKS

- «I arbeid for eit branntrygt lokalsamfunn!»

Vårt primære føremål er å ta i vare eigarane sine behov, plikter og oppgåver slik dei er nedfelt i lov og forskrift vedk. brann- og redningsberedskap, brannførebyggjande arbeid, feiing og tilsyn med fyringsanlegg

INNHALD

Styret sin årsrapport	side 4
Driftsrekneskap	6
Investeringar	7
Balanse per 31.12.2018	8
Notar til rekneskapen	10
Revisormelding	13
Samandrag	15
Brann- og redningssjefen sin kommentar	16
Om selskapet	17
Representantskap	18
Styret	18
Administrasjonsavdeling	19
Beredskapsavdeling	19
Brannførebyggjande avdeling	21
Tilsette per 31.12.2018	22

Tekst, bilete og layout av Øygarden brann og redning IKS



STYRET SIN ÅRSRAPPORT

Verksemda

Fjell, Sund og Øygarden kommunar har etablert ei felles brann- og redningsteneste med verknad fom 01.01.2018. Verksemda er basert Sotra Brannvern IKS og med ei delvis overdraging av verksemd av Øygarden brannvesen. Nytt namn er Øygarden brann og redning IKS. Det er utarbeidd ny selskapsavtale, etablert nytt styret og representantskap og ny branndokumentasjon er vedteken av representantskapet 14.11.2017. Selskapet si hovudoppgåve er å ta i vare eigarane sine behov, plikter og oppgåver slik dei er nedfelt i lov og forskrift vedk. brann- og redningsberedskap, brannførebyggjande arbeid, feiing og tilsyn med fyringsanlegg.

Eigardelar

Fjell kommune eig 64 % , Sund kommune eig 18 % og Øygarden kommune eig 18 %.

Administrasjon, leiging og tilsette

Selskapet har 70 tilsette per 31.12.2018. Dette utgjer om lag 18 årsverk. Selskapet har sine lokalar i Dalsneset i Øygarden kommune, Skogsskiftet i Sund kommune, og på Ågotnes i Fjell kommune. Administrasjonen held til på Ågotnes.

Likestilling

Selskapets styre har 7 medlemmar. Herav 3 kvinner og 4 menn. 1 representant vald av tilsette. Eigarane stettar kravet til kjønnsrepresentasjon. I selskapet er det 3,7 % kvinner. Ved rekruttering til styre, utlysing av ledige stillingar, ved fastsetting av løn osv., legg selskapet vekt på likestilling og at personar av begge kjønn skal handsamast likt. Selskapet tar og sikte på å rekruttere fleire kvinner til brannkorpset.

Arbeidsmiljø

Arbeidsmiljøet er godt. Det er ikkje registrert større ulykker eller uhell i 2018. Nærværspresent var i 2018 på 95,9 %.

Ytre Miljø

Selskapet si verksemd forureinar ikkje det ytre miljø. Selskapet har eit godt utvikla internkontrollsystem, og det er ikkje registrert hendingar eller uhell som påverka det ytre miljø.

Vidare drift

Selskapet følgjer kommunelova med forskrift om føring av rekneskap, og bokføringsloven. Selskapet fører difor rekneskap etter kommunale prinsipp (jf. Forskrift om årsregnskap for interkommunale selskaper).

Selskapet si stilling og resultat av verksemda.

Selskapet hadde i 2018 samla driftsinntekter på kr 35 584 106,28. Samla driftskostnader var på kr 35 151 831,77. Overføring frå eigarane var kr 29 177 999

Rekneskapan er gjort opp med eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 1 420 367,91 (etter interne finanstransaksjonar)

Styret er ikkje kjent med tilhøve utover det som kjem fram av rekneskapan, som kan være av interesse for vurdering av selskapet. Styret er ikkje kjent med at det, etter utgang av rekneskapsåret, har skjedd ting som er viktig for vurdering av selskapet sitt resultat eller stilling.

Etter styret si oppfatning gir den framlagte rekneskapan eit korrekt inntrykk av selskapet si stilling og resultat for verksemda.

Investeringar

Selskapet vil ha eit framtidig behov for utskifting av ein aldrande kjøretøypark av store bilar. Det har vore ei grundig prosess med utarbeiding av kravspesifikasjonar for nye brannbilar, og eigarkommunane har gjeve kommunal lånegaranti for vel kr 10,6 mill. Slike tunge investeringar er krevjande og føreset tilstrekkeleg driftsramme for å handtere kapitalkostnader. ØBR måtte avlyste konkurranse i 2018, men tek opp att arbeidet med sikte på større utskiftingar innanfor den kommunale lånegarantien, i 2020.

Styret sitt framlegg til resultatdisponering

Styret vil gjere framlegg om at mindreforbruket vert overført til driftsfond med kr 820 368 og kr 600 000 til investeringsfond.

Vegen vidare

Representantskapet vedtok ny branndokumentasjon 14.11.2017 og styret ser føre seg at oppfølging av branndokumentasjon vil vere ei viktig oppgåve framover. Dei tre eigarkommunane har vedteke å slå seg saman til ein kommune fom 2020. Øygarden brann og redning IKS vil då verte endra frå eit interkommunalt selskap til eit kommunalt føretak. Dette vil vere ei overdraging av verksemd, og styret vil sjå til at denne prosessen vert gjennomført på ein god måte.

31. desember 2018


25. mars 2019



Per Rune Eikeseth
styreleiar




Olav Martin Vik
nestleiar



Elna Nybakk
styremedlem



Nina Glesnes
styremedlem



Silvia Haugland
styremedlem



Jørgen Kausland
styremedlem



Bjørn Olav Paulsen
dagleg leiar/
brann- og redningssjef

DRIFTSREKNESKAP	Rekneskap	Rev. bud	Opph. bud.	Rekneskap*
	2018	2018	2018	2017
Driftsinntekter				
Brukarbetaling	94 585,00	170 000,00	170 000,00	246 120,45
Andre sals- og leigeinntektar	1 949 354,47	59 000,00	59 000,00	211 798,62
Overføringar med krav om motyting	4 296 278,81	2 242 000,00	2 242 000,00	25 997 874,12
Overføringar utan krav om motyting	29 243 888,00	28 078 000,00	28 078 000,00	0,00
Sum driftsinntekter	35 584 106,28	30 549 000,00	30 549 000,00	26 455 793,19
Driftsutgifter				
Lønsutgifter	18 195 668,91	16 331 000,00	16 331 000,00	11 678 309,49
Sosiale utgifter	4 002 882,15	4 039 000,00	4 039 000,00	3 746 529,48
Kjøp av varer og tenester, inngår i tenesteprod.	6 463 521,47	5 910 000,00	5 910 000,00	5 071 910,52
Kjøp av varer og tenester, erstattar tenesteprod.	3 695 687,48	2 818 000,00	2 818 000,00	4 132 502,68
Overføringar	1 792 772,76	1 424 000,00	1 424 000,00	1 489 798,72
Avskriningvar	1 001 299,00	557 000,00	557 000,00	607 870,00
Fordelte utgifter	0,00	0,00	0,00	0,00
Sum driftsutgifter	35 151 831,77	31 079 000,00	31 079 000,00	26 726 920,89
Brutto driftsresultat	432 274,51	-530 000,00	-530 000,00	-271 127,70
Finanspostar				
Renteinntekter og utbyte	94 794,40	53 000,00	53 000,00	59 200,02
Motteke avdrag på lån	0,00	0,00	0,00	0,00
Sum eksterne finansinntekter	94 794,00	53 000,00	53 000,00	59 200,02
Renteutgifter og låneomkostningar	0,00	5 000,00	5 000,00	0,00
Avdrag på lån	0,00	200 000,00	200 000,00	0,00
Utlån	0,00	0,00	0,00	0,00
Sum eksterne finanstransaksjonar	0,00	205 000,00	205 000,00	0,00
Resultat eksterne finanstransaksjonar	94 794,40	-152 000,00	-152 000,00	59 200,02
Motpost avskrivningar	1 001 299,00	557 000,00	557 000,00	607 870,00
Netto driftsresultat (res. før interne finanst.)	1 528 367,91	-125 000,00	-125 000,00	395 942,32
Interne finanstransaksjonar				
Bruk av tidlegare års rekneskapsmessig	886 942,32	886 942,00	0,00	746 924,66
Bruk av disposisjonsfond	492 000,00	125 000,00	125 000,00	491 000,00
Bruk av bundne fond	0,00	0,00	0,00	0,00
Sum bruk av avsetnader	1 378 942,32	1 044 942,00	125 000,00	1 237 924,66
Overføring til investeringsrekneskap	600 000,00	600 000,00	0,00	400 000,00
Avsetnad til dekking av tidlegare års	0,00	0,00	0,00	0,00
Avsetnad til disposisjonsfond	886 942,32	286 942,00	0,00	346 924,86
Avsetnad til bundne fond	0,00	0,00	0,00	0,00
Sum avsetnad	1 486 942,32	886 942,00	0,00	746 924,66
Rekneskapsmessig mindreforbruk	1 420 367,91	0,00	0,00	886 924,32

INVESTERINGAR

	Rekneskap 2018	Rev. bud 2018	Opph. bud. 2018.	Rekneskap 2017
Rekneskapsmessige investeringar				
Investeringar i anleggsmidlar	1 871 705,75	1 906 000,00	0,00	0,00
Utlån og forskuttingar	0,00	0,00	0,00	0,00
Kjøp av aksjonar og andelar	0,00	0,00	0,00	0,00
Avdrag på lån	0,00	0,00	0,00	0,00
Avesetnad	1 267 000,00	600 000,00	0,00	400 000,00
Årets finansieringsbehov	3 137 705,75	2 506 000,00	0,00	400 000,00
Finansiering				
Bruk av lånemidlar	0,00	0,00	0,00	0,00
Inntekter frå sal av anleggsmidlar	448 000,00	445 000,00	0,00	0,00
Tilskot til investeringar	667 000,00	0,00	0,00	0,00
Kompensasjon for meirverdiavgift	76 758,24	96 000,00	0,00	0,00
Motteke avdrag på lån	0,00	0,00	0,00	0,00
Andre inntekter	0,00	0,00	0,00	0,00
Sum ekstern finansiering	1 191 758,24	541 000,00	0,00	0,00
Overført frå drifta	600 000,00	600 000,00	0,00	400 000,00
Bruk av avsetnad	1 346 947,51	1 365 000,00	0,00	0,00
Sum finansiering	3 138 705,75	2 506 000,00	0,00	400 000,00
Udekka/udisponert	0,00	0,00	0,00	0,00

BALANSE PER 31.12.2018

	NOTE	REKNESKAP 2018	REKNESKAP 2017
EIGENDELAR			
Anleggsmidler			
Immaterielle eigendelar		0,00	0,00
Faste eigedomar og anlegg		0,00	0,00
Utstyr, maskingar og transportmidlar		7 850 227,60	4 424 908,85
Utlån		0,00	0,00
Konserninterne langsiktige fordringar		0,00	0,00
Aksjar og andelar		0,00	0,00
Pensjonsmidlar	7	19 904 829,00	17 675 359,00
Sum anleggsmidler		27 755 056,60	22 100 267,85
Omløpsmidlar			
Varar		0,00	0,00
Kortsiktige fordringar		2 991 483,19	749 251,00
Konserninterne kortsiktige fordringar		0,00	0,00
Premieavvik	7	731 032,00	398 047,00
Aksjar og andelar		0,00	0,00
Sertifikatar		0,00	0,00
Obligasjonar		0,00	0,00
Derivater		0,00	0,00
Kasse, bankinnskot		6 020 558,48	5 654 986,84
Sum omløpsmidlar	6	9 743 073,67	6 802 284,84
SUM EIGENDELAR		37 498 130,27	28 902 552,69
EIGENKAPITAL OG GJELD			
Eigenkapital			
Disposisjonsfond	4	1 347 888,25	952 945,93
Bundne driftsfond		0,00	0,00
Ubundne investeringsfond	4	1 510 190,27	1 590 137,78
Bundne investeringsfond		0,00	0,00
Rekneskapsmessig mindreforbruk (Drift)		1 420 367,91	886 942,32
Rekneskapsmessig meirforbruk (Drift)		0,00	0,00
Udekka i investeringsrekneskap		0,00	0,00
Udisponert i investeringsrekneskap		0,00	0,00
Kapitalkonto	5	10 760 451,60	4 140 044,85
Endring i rekneskapsprinsipp som påverkar AK Drift		0,00	0,00
Endring i rekneskapsprinsipp som påverkar AK Invest.		0,00	0,00
Sum eigenkapital		15 038 898,03	7 570 070,88

BALANSE PER 31.12.2018

	NOTE	REKNESKAP 2018	REKNESKAP 2017
Gjeld			
Langsiktig gjeld			
Ihendehavarobligasjonslån		0,00	0,00
Pensjonsforpliktingar	7	16 996 604,00	17 960 222,00
Sertifikatlån		0,00	0,00
Annan langsiktig gjeld		0,00	0,00
Konsernintern langsiktig gjeld		0,00	0,00
Avsetnad for forpliktingar		0,00	0,00
Sum langsiktig gjeld		16 994 604,00	17 960 222,00
Kortsiktig gjeld			
Kassakreditlån		0,00	0,00
Annan kortsiktig gjeld		5 464 628,24	3 372 259,81
Derivater		0,00	0,00
Konsernintern kortsiktig gjeld		0,00	0,00
Premieavvik		0,00	0,00
Sum kortsiktig gjeld		5 464 628,24	3 372 259,81
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		37 498 130,27	28 902 552,69
	NOTE	REKNESKAP 2018	REKNESKAP 2017
MEMORIAKONTI			
Ubrukte lånemidlar		0,00	0,00
Ubrukte konserninterne lånemidlar		0,00	0,00
Andre memoriakonti		0,00	0,00
Motkonto memoriakonti		0,00	0,00

31. desember 2018


25. mars 2019



Per Rune Eikeseth
styreleiar



Olav Martin Vik
nestleiar



Elna Nybakk
styremedlem



Nina Glesnes
styremedlem



Silvia Haugland
styremedlem



Jørgen Kausland
styremedlem



Bjørn Olav Paulsen
dagleg leiar/
brann- og redningssjef

NOTAR TIL REKNESKAPEN

1 Overføring mellom selskap og deltakarar

Kommune	Nr.	Org.nr.	Eigardel ¹	Beløp i 2017 ²	Beløp
Fjell	1246	951996777	64 %	-18 308 000	-
Sund	1245	964338809	18 %	-4 902 999	-5 267
Øygarden	1252	968766223	18 %	-	-5 334
Tilskot drift			100 %	-23 210 999	-

Kommune	Nr.	Org.nr.	Eigardel ¹	Beløp i 2017 ²	Beløp
Fjell	1246	951996777	64 %	-	-232
Sund	1245	964338809	18 %	-	-60
Øygarden	1252	968766223	18 %	-	-375
Tilskot investering			100 %	-	-667

2 Avsetnader og bruk av avsetnader

Overskotet for 2018 på kr 1 420 368 står i balansen som udisponert overskot. Overskotet frå 2017 på kr 886 942 er avsett til investeringsfond og driftsfond. I høve §§ 22 og 23 i selskapsavtalen kan det og settast av eit ev. overskot til driftsfond. Representantskapet kan også gjere vedtak om at delar av overskotet kan overførast til investeringsfond. Jf. § 24. Endringar i selskapsavtalen for desse paragrafane kan representantskapet avgjere med eit fleirtal på minst to tredelar av røystene, utan kommunestyrebehandling. Overskotet frå 2017 på kr 600 000 er avsett til investeringsfond. Overskotet frå 2017 på kr 286 942 er avsett til driftsfond. Overskotet frå 2018 på kr 1 420 368 står i balansen som udisponert overskot.

3 Eksterne inntekter og utgifter (tal i kr)

Inntekter	Beløp
Salsinntekter	2 043
Refusjonar	4 296
Overføringar	29 17
Andre driftsinntekter	65
Sum inntekter	35 58

Utgifter	Beløp
Løn inkl. sosiale utgifter	22 19
Kjøp av varer og tenester	6 463
Overføringar	1 792
Kalkulatoriske avskrivningar	1 001
Andre driftsutgifter	3 695
Sum driftsutgifter	35 15

Motpost avskrivningar

Renteinntekter	94
Avdrag og renteutgifter	-
Sum finansutgifter	-94

Ordinært resultat (før fondstransaksjonar)

Avsetnad til fond	886
Bruk av fond	1 378
Brukt til finansiering av utgifter i kapitalrekneskap	600
Sum fondsendringar	108

Rekneskapsmessig resultat (res. etter interne finanstrans.)

1 420

4. Fond

Disposisjonsfond

Behaldning 01.01.2018	952 946
Avsetnad til disposisjonsfond i 2018	886 942
Bruk av fond i investeringsrekneskapen	-
Bruk av fond i driftsrekneskapen	-492 000
Behaldning 31.12.2018	1 347 888

Investeringsfond

Behaldning 01.01.2018	1 590 138
Avsetnad til investeringsfond i 2018	1 267 000
Bruk av fond i investeringsrekneskapen	-1 346 948
Behaldning 31.12.2018	1 510 190

5. Kapitalkontoar

Kapitalkonto

	Debet	Kredit
Balanse per 01.01.2018		4 140 045
Betalt avdrag i 2018	-	-
Investeringar 2018		1 871 706
Kjøp og oppskrivningar 2018	-	-
Sal og nedskrivningar 2018	790 088	
Rekneskapsmessige avskrivningar 2018	1 001 299	
Auke anlegg ved kapitalauke selskap		3 345 000
Sum kapitalkonto 31.12.2018		3 425 319

Kapitalkonto pensjonsmidlar

	Debet	Kredit
Balanse per 01.01.2018		17 551 903
Aktuarberekning 2018		2 229 470
Sum kapitalkonto 31.12.2018		19 781 373

Kapitalkonto pensjonsforpliktingar

	Debet	Kredit
Balanse per 01.01.2018	17 836 767	
Aktuarberekning 2018	-965 618	
Sum kapitalkonto 31.12.2018	16 871 149	

Kapitalkonto arb. avg. av pensjonsforpliktingar

	Debet	Kredit
Balanse per 01.01.2018	-	-
Aktuarberekning 2018	-	-
Sum kapitalkonto 31.12.2018		

Kapitalkonto bruk av lån

	Debet	Kredit
Balanse per 01.01.2018	1 896 250	
Investeringar 2018	-	
Sum kapitalkonto 31.12.2018		

Sum kapitalkonto 31.12.2018

1 896 250

Sum kapitalkontoar 31.12.2018

10 760 452

6. Endring i arbeidskapital			
Balanserekneskapen	31.12.2017	31.12.2018	Endring
Omløpsmidlar	6 802 285	9 743 074	2 940 789
Kortsikti gjeld	3 372 260	5 464 628	2 092 368
Arbeidskapital	3 430 025	4 278 445	848 420
Ubrukte lånemidlar	-	-	-
Sum			848 420
Drifts- og investeringsrekneskapen	Beløp	Beløp	Sum
Sum driftsinntekter		35 584 106	
Sun driftsutgifter		35 151 832	
Avskrivningar		1 001 299	
Sum eksterne finansinntekter		94 794	
Sum eksterne finansutgifter		-	
Sum investeringsinntekter		1 191 758	
Sum investeringsutgifter		1 871 706	
Bruk av lån		-	
Sum			848 420
7. Pensjon			
Premieinnbetaling			Innbetalt
Forhåndspremie for 2018			853 432
+ Premieinnbetaling 2 til 4 kvartal 2018			542 543
= Sum premieberekning inkl. adm. kostnader			1 395 975
- Sum bruk av premiefond 2018			-
= Sum premiebetaling inkl. adm. kostnader			1 395 975
- Administrasjonskostnader – 4 % inkludert i betalt premie			(151 846)
= Sum premiebetaling ekskl. adm. kostnader			1 244 129
Årets netto pensjonskostnad			
Årets pensjonsopptening (iflg. aktuarberekning)			811 065
+ Rentekostnad på pensjonsforpliktingane (iflg. aktuarberekning)			620 070
= Pensjonskostnad (brutto)			1 431 135
- Forventa avkastning på pensjonsmidlane (iflg. aktuarberekning)			(827 700)
= Pensjonskostnad (netto)			603 435
Berekna premieavvik			
Premieinnbetaling (eksl. adm. kostnader)			1 244 129
- Årets netto pensjonskostnad (eksl. adm. kostnader)			603 435
Arbeidsgjevaravgift av premieavviket			90 338
= Premieavvik inkl. aga (positivt premieavvik)			731 032
Sats for arbeidsgjevaravgift			14,1 %
Pensjonsforpliktingar			
Pensjonsforpliktingar (brutto)			16 871 149
- Pensjonsmidlar (marknadsverdi)			19 781 373
= Netto balanseført pensjonsforplikting			-2 910 224

REVISJONSMELDING

Deloitte.

Deloitte AS
Lars Hilles gate 30
Postboks 6013 Postterminalen
NO-5892 Bergen
Norway

Tel: +47 55 21 81 00
www.deloitte.no

Til representantskapet i Øygarden Brann og Redning IKS

UAVHENGIG REVISORS BERETNING

Uttalelse om revisjonen av årsregnskapet

Konklusjon

Vi har revidert årsregnskapet for Øygarden Brann og Redning IKS som viser et ordinært resultat på kr 1.528.368 og et regnskapsmessig resultat på kr 1.420.368. Årsregnskapet består av balanse per 31. desember 2018, driftsregnskap og investeringsregnskap for regnskapsåret avsluttet per denne datoen og noter til årsregnskapet, herunder et sammendrag av viktige regnskapsprinsipper.

Etter vår mening er det medfølgende årsregnskapet avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir en dekkende fremstilling av selskapets finansiell stilling per 31. desember 2018, og av resultatet for regnskapsåret som ble avsluttet per denne datoen i samsvar med lov om interkommunale selskaper, forskrift om årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for interkommunale selskaper og god kommunal regnskapsskikk i Norge.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Norge, herunder de internasjonale revisjonsstandardene (ISA-ene). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet i *Revisors oppgaver og plikter ved revisjon av årsregnskapet*. Vi er uavhengige av selskapet slik det kreves i lov og forskrift, og har overholdt våre øvrige etiske forpliktelser i samsvar med disse kravene. Etter vår oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Øvrig informasjon

Ledelsen er ansvarlig for øvrig informasjon. Øvrig informasjon består av informasjon i selskapets årsrapport, men inkluderer ikke årsregnskapet og revisjonsberetningen.

Vår uttalelse om revisjonen av årsregnskapet dekker ikke øvrig informasjon, og vi attesterer ikke den øvrige informasjonen.

I forbindelse med revisjonen av årsregnskapet er det vår oppgave å lese øvrig informasjon med det formål å vurdere hvorvidt det foreligger vesentlig inkonsistens mellom øvrig informasjon og særregnskapet, kunnskap vi har opparbeidet oss under revisjonen, eller hvorvidt den tilsynelatende inneholder vesentlig feilinformasjon. Dersom vi hadde konkludert med at den øvrige informasjonen inneholder vesentlig feilinformasjon er vi pålagt å rapportere det. Vi har ingenting å rapportere i så henseende.

Styret og daglig leders ansvar for årsregnskapet

Styret og daglig leder er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet i samsvar med lov og forskrifter, herunder for at det gir en dekkende fremstilling i samsvar med lov om interkommunale selskaper, forskrift om årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for interkommunale selskaper og god kommunal regnskapsskikk i Norge. Ledelsen er også ansvarlig for slik intern kontroll den finner nødvendig for å kunne utarbeide et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.

Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet

Vårt mål med revisjonen er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgi en revisjonsberetning som inneholder vår konklusjon. Betryggende sikkerhet er en høy grad av sikkerhet, men ingen garanti for at en revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk

Deloitte AS and Deloitte Advokatfirma AS are the Norwegian affiliates of Deloitte NWE LLP, a member firm of Deloitte Touche Tohmatsu Limited ("DTTL"), its network of member firms, and their related entities. DTTL and each of its member firms are legally separate and independent entities. DTTL (also referred to as "Deloitte Global") does not provide services to clients. Please see www.deloitte.no for a more detailed description of DTTL and its member firms.

Registrert i Foretaksregisteret Medlemmer av Den norske Revisorforening
Organisasjonsnummer: 980 211 282

© Deloitte AS

i Norge, herunder ISA-ene, alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon blir vurdert som vesentlig dersom den enkeltvis eller samlet med rimelighet kan forventes å påvirke økonomiske beslutninger som brukerne foretar basert på særregnskapet.

Som del av en revisjon i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Norge, herunder ISA-ene, utøver vi profesjonelt skjønn og utviser profesjonell skepsis gjennom hele revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoen for vesentlig feilinformasjon i årsregnskapet, enten det skyldes misligheter eller utilsiktede feil. Vi utformer og gjennomfører revisjonshandlinger for å håndtere slike risikoer, og innhenter revisjonsbevis som er tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon. Risikoen for at vesentlig feilinformasjon som følge av misligheter ikke blir avdekket, er høyere enn for feilinformasjon som skyldes utilsiktede feil, siden misligheter kan innebære samarbeid, forfalskning, bevisste uttalelser, uriktige fremstillinger eller overstyring av intern kontroll.
- opparbeider vi oss en forståelse av den interne kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av selskapets interne kontroll.
- evaluerer vi om de anvendte regnskapsprinsippene er hensiktsmessige og om regnskaps-estimatene og tilhørende noteopplysninger utarbeidet av ledelsen er rimelige.
- evaluerer vi den samlede presentasjonen, strukturen og innholdet i årsregnskapet, inkludert tilleggsopplysningene, og hvorvidt årsregnskapet gir uttrykk for de underliggende transaksjonene og hendelsene på en måte som gir en dekkende fremstilling.

Vi kommuniserer med styret blant annet om det planlagte omfanget av revisjonen og til hvilken tid revisjonsarbeidet skal utføres. Vi utveksler også informasjon om forhold av betydning som vi har avdekket i løpet av revisjonen, herunder om eventuelle svakheter av betydning i den interne kontrollen.

Uttalelse om øvrige lovmessige krav

Konklusjon om budsjett

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, mener vi at de disposisjoner som ligger til grunn for årsregnskapet i det alt vesentlige er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpene i årsregnskapet stemmer med regulert særbudsjett.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendig i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», mener vi at ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av selskapets regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringskikk i Norge.

Andre forhold

Selskapets årsregnskap og årsberetning ble ikke avgitt innen lovens frist.

Bergen, 29. april 2019
Deloitte AS



Helge-Roald Johnsen
statsautorisert revisor

SAMANDRAG

Sotra Brannvern IKS og Øygarden brannvesen vart ei felles brann- og redningsteneste per 01.01.2018. Reint teknisk vart Øygarden kommune teken opp som ny medeigar i Sotra Brannvern IKS, namnet vart endra til Øygarden brann og redning IKS (ØBR) og ei revidert selskapsavtale utarbeidd og vedteke i kommunestyra. 6. februar var det ei markering for etablering av ØBR med leiar for representantskapet, Børge Haugetun, styreleiar Per Rune Eikeseth, tilsett og inviterte gjester på Ågotnes brannstasjon.

To brann- og redningsorganisasjonar vart smelta saman. I ein slik prosess vert det alltid nokre utfordringar, men i det store har samanslåinga gått bra. ØBR er blitt ein relativt ressurssterk eining, og med krava i vedteken brannokumentasjon, vil brann- og redningstenesta etter kvart kome opp på eit fagleg og kapasitetsmessig enda betre nivå. Nye vaktordningar er i ferd med å bli fasa inn, for å sikre føreseieleg oppmøte ved alarmer. Dei største endringane som ligg i brannokumentasjonen går på oppradering av vaktberedskapen. Dalsneset brannstasjon er kome opp på det nivå som brannokumentasjonen krav, mens Ågotnes og Skogsskiftet gjenstår.

ØBR har i 2018 førebudd innføring av feiing og tilsyn med fyringsanlegg også i fritidsbustadar.

Kartleggingsarbeidet pågår, og den faktiske utføringa vil nok verte ei utfordring. Dette arbeidet kjem i tillegg til den etablerte tenesta for heilårsbustader. Seksjon for feiing og tilsyn med fyringsanlegg er styrka med eitt årsverk for å møte den nye oppgåva. Meir enn 5 000 feiingar eller tilsyn med fyringsanlegg har vore utført i heilårsbustader i 2018.

Førebyggjande avdeling har gjennomført alle planlagte tilsyn i særskilde brannobjekt. Førskuleborn har vore på besøk hos brannvernet, og alle 3-, 6- og 9- klassar har fått tilbod om opplæring. I samarbeid med omsorgs-avdelinga i Fjell kommune gjennomfører brannvernet heimebesøk hos personer som har tryggleiksalarm.

Totalt i kommunane Fjell, Sund og Øygarden har det i 2018 vore 390 utrykkingar og oppdrag. Frå oktober 2018 vart det innført ny vaktordning ved Dalsneset brannstasjon der vi har fått på plass ei ordning som sikrar eit lag på 3 personer på vakt til ei kvar tid. Dette er ei vesentleg betre modell enn tidlegare. Den gamle mannskapsbilen ved Dalsneset brannstasjon måtte vi ta ut av teneste i desember, grunna alvorleg feil på bremsesystemet. Vi har løyst dette mellombels ved å leige inn ein eldre brannbil. Løysinga er ikkje berekraftig og vi må no kome i gong med utskifting av ein aldrande storbilpark.

Dei siste to månadane i 2018 vart prega av hendinga med KNM «Helge Ingstad». ØBR har vore sterkt involvert i arbeid med oljevernaksjonen etter havariet, og nytta store ressursar av både personell og utstyr. Hendinga i seg sjølv er spesiell, men samarbeid med IUA Bergen har vore godt, både med omsyn til aksjon, ressurstilfang, HMS og rapportering. Havariet til KNM «Helge Ingstad» medførte at ØBR, via IUA, har produsert ca. 1 500 timar arbeid med oljevernarbeid etter forliset i 2018.

Det har vore store svingingar i budsjettet i 2018. Både meirutgifter og meirinntekter er høgare enn budsjettet. Faktorar som har virka inn er t.d. utleig av vaktpersonell til Equinor, assistanse til Øygarden kommune i høve kommunal fakturering, vakante stillingar, meir sal av tenester (kurs, levering av vatn), store utgifter og refusjonar ved oljevernaksjonen m.m. Rekneskapsmessig resultat er på kr 1 420 368. Det er representantskapet som skal godkjenne rekneskapsmessig resultat og disponere mindreforbruket ved å sette av til fond.

Nærversprosenten for 2018 var på 95,9 %. Dette er eit bra resultat, sett opp mot kva oppgåver brann- og redningstenesta er sett til å utføre.

BRANN- OG REDNINGSSJEF SIN KOMMENTAR

Den 1. januar 2018 var Øygarden brann og redning IKS ein realitet. Prosessen starta først med eit forprosjekt for å slå saman Askøy brann og redning, Sotra Brannvern IKS og Øygarden brannvesen. Arbeidsgruppa levert frå seg rapporten i 2014. Askøy kommune valde å ikkje gå vidare i prosjektet, mens kommunane Fjell, Sund og Øygarden altså per 01.01.2018 vart ein felles brann- og redningsregion. Regionen famnar om omlag 38 000 innbyggjarar og med ein organisasjon på 70 tilsette (per 31.12.2018). Det vart og gjennomført ein brann- og redningsteknisk risiko- og sårbarhetsanalyse, og utarbeidd ny branndokumentasjon. Branndokumentasjonen viser korleis eigarkommunane skal organisere tenesta for å tilfredsstille krav i lov og forskrifter.

Første driftsår for Øygarden brann og redning IKS er omme. Eit år med mange oppgåver knytt til samansmelting av Sotra Brannvern IKS og Øygarden brannvesen. Utfordringar som har vore både lærerike og krevjande. Vi har fått på plass ei god vaktordning ved Dalsneset brannstasjon, som sikrar at 3 personar er i vakt til ei kvar tid. Tidlegare var det ikkje ordinær vakt for mannskap i vekedagane. Det er utarbeidd ny lønspolitikk, felles øvingsmodular, og kontrollregime for bilar og utstyr. Det førebyggjande arbeidet har fått eit løft med samla sett meir ressursar. ØBR har god kompetanse i mange ledd, og med fullt implementert branndokumentasjon vil organisasjonen vere godt rusta til å møte dei utfordringar ansvarsområdet gjev.

Utarbeiding av budsjett har var ei utfordrande øving. Ulik kostnadsstruktur og praktisering, har gitt nokre overraskingar undervegs. Implementering av ny branndokumentasjon vil vere krevjande økonomisk, men er eit ledd i å vere riktig dimensjonert for å møte ulike utfordringar, som organisasjonen kan stå ovanfor.

Alder på det rullande materiellet (bilparken) er nok meir ulik enn ønskjeleg, og det vart ikkje betre då vi måtte avlyse konkurranse om utskifting av nokre kjøretøy fordi det ikkje var økonomisk rom i driftsbudsjettet for 2019. ØBR har ei gjennomsnittsalder på dei store bilane på om lag 18 år. Det er for gamalt. Både isolerte sett, men også i høve til branndokumentasjonen. Det det skjer forbetringar på store kjøretøy; mindre utslepp, meir effektive motorar, betre passiv og aktiv sikkerhet, meir funksjonelle løysingar m.m. Vi vil i 2019 arbeid aktivt for å kome på sporet igjen med utskifting av dei store bilane. Dette er sentrale arbeidsreiskap for våre tilsette.

Eg kjem ikkje utanom den heilt spesielle hendinga 8. november. Ein kollisjon mellom ein av verdas mest avansert fregattar og eit tankskip fullasta med råolje. Utanfor ein av Noregs største oljeterminalar og i den sterkt trafikkerte Hjeltefjorden. Til alt overmål skjedde dette litt over kl. 04. Eit scenario det er vanskeleg å førestille seg. Heldigvis gjekk sjølve redningsoperasjonen veldig bra og alle kom seg trygt i land på Stureterminalen. I etterkant har personell frå ØBR vore sterkt involvert i oljevernaksjonen, som er leia av Kystverket. Arbeidet i vikar og sund er koordinert av IUA Bergen, men skadestadleiling-land har vore ivareteke av ØBR. Det er også i all hovudsak personell frå ØBR som har lagt ut, inspisert, og skifta ut lensar i og ved land, mens Kystverket har det operative ansvaret for lensar kring havaristen. Vi har fått mykje god omtale av arbeidet som er gjort, og det sett eg som brann- og redningssjef pris på. Tilsette som har vore med i arbeidet fortener skryt.

Styret for den nye organisasjonen har fått bryne seg på mange oppgåver. Det er mi oppleving at styret er engasjert og interessert i både oppgåver, tenestebygging og velvere for dei tilsette.

Eit første år med ny organisering set mange på prøve. Eg meiner at ØBR har levert gode tenester innanfor dei utfordrande rammar vi har hatt, og har trua på at organisasjonen raskt vert opplevd, som ein ressurs for våre eigarar innanfor vår arbeidsområdet.

Så gjenstår det å takk alle tilsette og styret for godt samarbeid i 2018.

Bjørn Olav Paulsen
brann- og redningssjef

OM SELSKAPET

Øygarden brann og redning IKS (ØBR) er eigd av Fjell kommune med 64 %, Sund kommune med 18 % og Øygarden kommune med 18 %. Selskapsavtalen regulerer samarbeidet mellom kommunane.

ØBR sitt primære føremål er å ta i vare eigarane sine behov, plikter og oppgåver slik dei er nedfelt i eigarstrategi for ØBR, lov og forskrift vedkomande brann – og redningsberedskap, brannførebyggjande arbeid, samt feiing og tilsyn. Sekundært kan ØBR yte desse og liknande tenester mot vederlag til andre kommunar og verksemdar

Eigarkommunane har delegert til styret det mynde som etter lova med forskrifter er lagt til kommunen. Styret har igjen delegert mynde til brannsjefen. Delegering av mynde gjeld ikkje viktige saker der lova krev vedtak i kommunestyret sjølv.

ØBR sine plikter og arbeidsoppgåver:

- a) gjennomføre informasjons – og motivasjonstiltak i kommunane om brann og andre akutte ulukker
- b) gjennomføre brannførebyggjande tilsyn
- c) vere kommunane sin innsatsstyrke ved brann
- d) gjennomføre ulukkesførebyggjande oppgåver
- e) vere kommunane sin innsatsstyrke ved andre akutte ulukker t.d. trafikkulukker
- f) gjennomføre feiing og tilsyn med fyringsanlegg
- g) vere kommunane sin første innsatsstyrke ved akutt forureining og inngå i aksjonsleiinga
- h) gjennomføre nærare definerte oppgåver i krise – og krigssituasjonar
- i) ta del i utforminga av eigarkommunane sine planar og arbeid med krise og beredskap
- j) fastsette brannokumentasjon for eigarkommunane

Eigarkommunane kan også leggja andre arbeidsoppgåver til ØBR så langt dette ikkje svekkjer gjennomføringa av oppgåvene lista opp i a) – j)

Kjøp av tenester i 2018

- Sund kommune, rekneskapstenester.
- Fjell kommune IT-tenester
- Deloitte AS er revisor for selskapet
- Bedriftshelseteneste ved Salutis
- Bergen kommune, sløkkjeavtale

Forhandlingsutval

Forhandlingsutvalet ØBR skal m.a. halde seg orientert om lønsutviklinga i kommunal sektor, og gjennomføre lokale lønstingingar innanfor dei rammer brannstyret har gjeve. Utvalet var slik samansett i 2018: styreleiar Per Rune Eikeseth, styremedlem Silvia Haugland og brann- og redningssjef Bjørn Olav Paulsen.

Tilsettingsutval

Styret har oppretta tilsettingsutval i tråd med selskapsavtalen. Utvalet har mynde til å tilsette og seie opp personell med unntak av brannsjefen.

Utvalet hadde i 2018 desse medlemmane:

- styreleiar Per Rune Eikeseth
- brann- og redningssjef Bjørn Olav Paulsen
- tillitsvald Børre Brekkvassmo

Arbeidsmiljøutval

Utvalet har fire personar, to frå arbeidsgjevar og to frå arbeidstakersida: Nils Anders Mæland, (leiar), Ove Geir Stusdal, Torbjørn Borgen og hovudverneombod Remi Oen for dei tilsette. Det er personleg vara for alle faste medlem. Salutis, er også representert når det er møte i AMU.

AKAN-kontakt og verneombod

ØBR vil ved behov nytte seg av Salutis, som er selskapet sin leverandør av bedriftshelsetenester.

Remi Oen var hovudverneombod ved ØBR i 2018. Han er og verneombod ved Dalsneset brst. Torbjørn Borgen er verneombod ved Skogskiftet brst, Petter Andreas Rørvik ved Ågotnes brst.

Organ og avdelingar

Det er tre interkommunale organ i selskapet; representantskapet, styret og dagleg leiar (brann- og redningssjefen). Selskapet har ei administrasjonsavdeling, ei beredskapsavdeling og ei førebyggjande avdeling.

Selskapet har det administrative ansvaret for personell knytt til Kystverket sitt oljeverndepot i Fjell kommune. Depotet ligg på Coast Center Base på Ågotnes. Fom 2019 vert depotet flytta til Mongstad.

REPRESENTANTSKAP

Representantskapet er det øvste organet i Øygarden brann og redning IKS og har m.a. følgjande oppgåver:

- velje medlem til brannstyret og revisor
- behandle og vedta budsjett, økonomiplan, årsmelding og rekneskap

Kommune	Faste medlemmer	Varamedlemmer
Fjell	Marianne Sandahl Bjørøy Lars Olav Hjartøy	Ernst Morten Einarsen Odd Bjarne Skogestad
Sund	Kari-Anne Landro Nils Kåre Skoge	1. Robert Kaupang Sæle 2. Jogeir Sognnæs
Øygarden	Børge Haugetun Atle Dåvøy	Anne-Elin Dale Ingrid Marie Toft
leiar	Børge Haugetun	
nestleiar	Marianne Sandahl Bjørøy	

STYRET

Styret er vald av representantskapet. Oppgåver for styret går fram av selskapsavtalen, men vi nemner kort nokre punkt:

- å fremje forslag til budsjett innanfor fastsette fristar
- å utarbeide årsmelding og rekneskap som vert å leggja fram for representantskapet
- treffe vedtak om disponering av fondsmidlar
- å gje innstilling i saker der representantskapet er avgjerdsinstans
- å skjøtte arbeidsgjevaransvaret ved å tilsetja gjennom eige tilsetjingsutval, seie opp og vedta instruksar
- å fastsette løns – og arbeidstilhøve for alt personell

Kommune	Faste medlemmer	Varamedlemmer
Fjell	Sveinung Vethe Elna Nybakk	1. Anita Undal 2. Knut Tore Algrøy
Sund	Per Rune Eikeseth Nina Glesnes	1. Rudolf Krondorfer 2. Liv Trellevik
Øygarden	Olav Martin Vik Silvia Haugland	1. Svein Berger Bjørge 2. Kari Fjeldstad
Ansattrepresentant	Jørgen Kausland	1. Petter Andreas Rørvik
Observatør	Eirik Monssen	2. Jarl Martin Hestad
leiar	Per Rune Eikeseth	
nestleiar	Olav Martin Vik	

ADMINISTRASJONSAVDELING

Økonomi

Rekneskapan for 2018 viser eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 1 420 368. Brann- og redningssjefen har råda til ei styrking av både driftsfondet og investeringsfondet.

Arbeidsmiljø og internkontrollarbeid

Vi ønskjer at nærværsprosenten skal vere så høg som mogeleg. Det er likevel naturleg med ei viss variasjon over åra. 95,9 % er eit godt resultat.

HMS systemet vart også i 2018 revidert for å vurdere om planverket er oppdatert til faktiske forhold ved ØBR. Likens vart verksemda sitt internkontrollsystem gjennomgått av ØBR sin øvste leiing.

Det er gjennomført AMU-møter og vernerunde i alle brannstasjonane. Det vart utarbeid plan for arbeidsmiljøarbeidet for 2019. Denne planen vart vedteke av styret.

Arbeid med ny mal for arbeidsavtale, gjennomgang av reglement og retningslinjer, vart starta opp. Etablering av den nye brann- og redningstenesta, ØBR, som er felles for Fjell, Sund og Øygarden kommunar har vore utfordrande

Gjennom året har ein klart å få på plass gode strukturar i både den overordna organiseringa og ved den einskilde avdeling. Etablering av ny vaktordning ved Dalsneset brannstasjon er eit døme.

Arbeidsressursar

Avdelinga er sentral i det meste ved oppfølging av personell, og ein merker at det er ressurskrevjande arbeid å følgje opp omlag 70 tilsett. Når ein sentral person som personal- og hmsleiar går ut permisjon, blir det viktige HR-arbeidet skadelidande. Grunna eit behov for større nedtrekk i driftsbudsjettet for 2019, vert stillinga halden vakant i permisjonstida, som er ut oktober 2019.

Av andre oppgåver kan nemnast markering av tilsette med «runde» dagar (50/60 år), og lang teneste.

6. februar var det ei markering for etablering av ØBR med leiar for representantskapet, Børge Haugetun, styreleiar Per Rune Eikeseth, tilsett og inviterte gjester på Ågotnes brannstasjon

BEREDSKAPSAVDELING

Beredskapsavdelinga har m.a. ansvar for vaktberedskap, opplæring av beredskapspersonell, forvaltning og innkjøp av materiell og utstyr m.m.

2018 var eit normalår med omsyn på utrykkingar og oppdrag. Variasjonane mellom dei ulike oppdraga ligg innafør det normale variasjonar. Forliset til KNM Helge Ingstad medførte at ØBR, via IUA, har produsert ca 1 500 timar arbeid med oljevernarbeid etter forliset.

Bemanning

Avdelinga har ansvar for beredskapspersonell i brannstasjonane Dalsneset, Ågotnes og Skogskiftet.

I tillegg kjem ansvar for depotstyrken til Kystverket lokalisert til eigne lokalar på CCB-basen. Som vanleg har vi auka opp den dreiarande vaktberedskapen i typiske ferie/fritidsperiodar som jul, nyttår og påske samt i sommarferieperioden. Det er i 2018 tilsett 2 nye mannskap ved Ågotnes brannstasjon.

Utstyr og materiell

I 2018 er det ikkje gjort innkjøp eller endringar i materiellet utover det vi må skifte ut frå vanleg slitasje. Vi har skifta to eldre varebilar ut med ein ny varebil i 2018, og skifta ut kommandobilen med ny.

På slutten av 2018 måtte vi ta den gamle mannskapsbilen på Dalsneset ut av teneste, og denne vart erstatta av eigne mindre kjøretøy ein kort periode. Det vart jobba med leigeavtale på større kjøretøy, vi låner no ein bil frå Bergen brannvesen. Arbeidet med å skifte ut to bilar, ein mannskapsbil (som no er tatt ut av drift) i Dalsneset og ein tankbil i Skogsskiftet, vart starta opp, og vi kom så lang at vi fekk inn tilbod før prosessen vart stoppa av årsak uklar økonomisk framtid for oss.

Opplæring

Det har ikkje vore gjennomført formalopplæring på mannskap i 2018. Internopplæring og øving har gått som planlagt.



ØBR unngjekk dei store utmarksbrannane i 2018, noko vi mellom anna tilskriv innføring av og informasjon kring brenneforbod.

Helse, miljø og tryggleik

Det er relativt få avvik som kjem inn, og alle er raskt lukka. Det meste av dette dreier seg om feilfunksjonar på utstyr og problem med vaktberedskapen. Avvika vert som regel handterert innafor kort tid.

Oljeverndepot

Depotet har i 2017 hatt ein normal aktivitet, og det er gjort ein del utskiftingar og komplettering av utstyr. Involvert i aksjonen etter KNM Helge Ingstad. Kystverket har i 2018 belutta at depotet på Ågotnes skal avviklast, men mannska skal vidareførast som tilsette hos oss. Tilsynsmannstillinga går difor ut frå 01.01.2019, slik at vi set igjen med 10 mannskap. Dei får nytt depot lokalisert til Mongstad (saman med Solund depot, som er vert nedlagt).

Statistikk

Totalt i kommunane Fjell, Sund og Øygarden har det i 2018 vore 390 utrykkingar og oppdrag. ØBR har stått for 300 av dei og Bergen Brannvesen 90. Vi ligg lågt på fleire utrykkingskategoriar sett opp mot folketalet og landsgjennomsnitt. Over tid ser vi ein viss dreining av oppdragstype til å handle om ikkje-brannrelaterte innsatsar.

Kategoriane First-responder, Unødige alarmer og Vær-relaterte hendingar er jamt aukande.

Beredskapssituasjonen

ØBR har ansvar for beredskapen i alle tre kommunane, men kjøper sjølv utrykkingsdelen for Litle-Sotra, Bildøy, Lie/Ekerhovd, Bjorøy og Tyssøy frå Bergen kommune v/Bergen Brannvesen. Situasjonen med vegsystemet mellom Bergen og Sotra har ikkje endra seg, og vi er framleis uroa over at det kan føre til at naudstade ikkje får den hjelp dei treng med dagens løysing. Spesielt også sett i samanheng med dei stadig tettare ekstremværsituasjonane vi har hatt dei seinare års. Vedteken branddokumentasjon peiker på eit behov for å styrke beredskapen i dette området

Den nye branddokumentasjonen vår heimlar fleire endringar, mellom anna styrking av vaktberedskapen i alle tre stasjonane. Vi har vore klar til å starte dette arbeidet, men pga økonomiproblematikk vart det berre gjort endringar i Dalsneset stasjon. Frå 01.10.2018 er det her 3 mann i fast dreierende 4-delt vakt.

Samanslåinga mellom SBV og ØBV har gjort at vi har hatt mykje fokus på å smelte saman dei to



organisasjonane til ein. Vi er godt på gang med dette; felles øvingssystem, avvikshandtering, felles avlønningsreglar osv er på plass. Det er jobba mykje med prosedyreverket, men dette arbeidet kom vi ikkje i hamn med fornyinga av i 2018.

Det er etter kvart bygd opp god kompetanse og godt utstyr på firstresponderntenesta vår, og eit godt samarbeid med kommunelegen i den samanheng. Tenesta auke i omfang, og mannska våre gjer ein flott innsats innafor denne innsatskategorien. I 2018 har vi tre dokumenterte livreddande innsatsar.

BRANNFØREBYGGJANDE AVDELING

Førebyggjande avdeling sine oppgåver kan delast inn i tre hovudoppgåver feiging og tilsyn med fyringsanlegg, risikobasert tilsyn og andre tiltak mot brann.

Feiging og tilsyn

Det er utført tilsyn med 2426 fyringsanlegg og 3078 skorsteinar er feia. Alle planlagte tilsyn og feingar er fullført.

Risikobasert tilsyn

Avdelinga har gjennomført 181 tilsyn på 119 særskilte brannobjekt. Dette svarar til 100 % av planlagte tilsyn. Det er og gjennomført tilsyn på 10 anlegg med farleg stoff, dette er alle anlegg med brannfarlig gass.

Tilsyn med fyrverkeriutsal

Det vart gjennomført tilsyn med alle 23 utsal av fyrverkeri salsdagane 29. og 31. desember.

Andre tiltak mot brann

Vi har jobba med fire satsingsområder, Barn og unge, befolkninga generelt, heimebuande eldre, og flyktningar. Dei to sistnemde har statistisk sett eit høgare sannsyn for å omkomme eller bli skadd i brann enn befolkninga elles. Følgjande førebyggjande tiltak er sett i verk for dei ulike satsingsområda.

Barn og unge

Førskulegrupper i alle barnehagar er velkommen på besøk på våre brannstasjonar. Her får dei møte Bjørnis, kjøre brannbil, sjå og prøve utstyr, samt høyre om brannførebygging i heimen. 234 førskulebarn frå 15 ulike barnehagar har vore på besøk i løpet av året. Alle 3, 6. og 9. klassar får kvart år tilbod om brannvernundervisning tilpassa alderstrinnet. Undervisninga vert gjennomført på skulen. 3. klassane utnevner vi til 110 agentar og har i oppgåve og sjekke ut branntryggleiken heime i bustaden sin. 6. og 9. klassar får teoriundervisning samt praktiske sløkkjeøvingar. Tilsaman har 1 589 elever deltatt i brannvernundervisninga.

Vi deltok på Redningsselskapet sin «Førebyggjande Seilas». Dette er ein aksjon for 6.klassar med instruktørar frå politi, brannvern, og helse i tillegg til Redningsselskapet.

Elevane fekk mellom anna lære om sjøvett, førstehjelp, brannvern og reglar på sjøen.



Heimebuande eldre

I samarbeid med omsorgsavdelinga i Fjell kommune gjennomfører brannvernet heimebesøk hos personar som har tryggleiksalarm. Vi snakkar med bebuaren om brannvern og monterer og opp røykvarslarar som kopplast mot alarmsentral. Vi tilbyr og heimebesøk til alle som fyller 75 år i løpet av året. Her snakkar vi om branntryggleik og monterer opp komfyrvakt og/eller røykvarslar etter behov.

Befolkninga generelt

Vi heldt open brannstasjon på Dalsneset og Skogskiftet brannstasjon i september. Her hadde vi ulike aktiviteter for barna og ga ut mykje informasjon om korleis ein kan sikre heimen sin mot brann. Bjørnis deltok og på dette arrangementet.



Heimeside og facebook vert nytta for å spreie førebyggjande informasjon. Vi hadde ein julekonkurranse på nettet med førebyggjande tema, 10 deltakarar vart premierte med Bjørniseffektar.

«Aksjon boligbrann» vart gjennomført på Sartor senter kor vi delte ut informasjon om brannsikkerhet og røykvarslarbattery.

Vi har i år kartlagt forsamlingslokalar i kommunane våre, og vil i 2019 gjennomføre ulike førebyggjande tiltak mot desse.

Flyktningar

Vi har gjennomført brannvernkurs for flyktningar i Fjell kommune.

TILSETTE PER 31.12.2018

Administrasjonsavdeling

brann- og redningssjef	Bjørn Olav Paulsen
personal- og hmsleiar	Einar Magerøy
branningeniør	Jan Gaute Fjellstad Haug

Beredskapsavdeling

avd.leiar/varabrannsjef	Nils Anders Mæland
seksj.leid. ber- deltidsstyrke	Jarl Martin Hestad
materialforvaltar	Børre Brekkvassmo*

Utrykkingsleiarar

brannmeister	Børre Brekkvassmo*
underbrannmeister	Alf Heggøy
underbrannmeister	Bjarte Søvik
underbrannmeister	Dag Are Sangolt
underbrannmeister	Eirik Monssen
underbrannmeister	Frode Skjerping*
underbrannmeister	Geir Jensen
underbrannmeister	Ivar Husebø
underbrannmeister	John Morten Telle
underbrannmeister	Johnny Dávøy
underbrannmeister	Leif Gunnar Alvheim
underbrannmeister	Leif Ole Reithaug*
underbrannmeister	Ronny Gilborne*
underbrannmeister	Trond Semshaug
underbrannmeister	Øyvind Sangolt

Røykdykkar/sjåfør m.m.

brannformann	Lars Frode Grevle
brannkonstabel	Arnstein Engelsen
brannkonstabel	Eivind Sangolt
brannkonstabel	Espen Hjartøy
brannkonstabel	Fredrik Blom
brannkonstabel	Hans Kristian Bremnes
brannkonstabel	Howard Hestad
brannkonstabel	Jan K. Hernar
brannkonstabel	John Andre Straume
brannkonstabel	John-Erik Mæland*
brannkonstabel	Jørgen Kausland
brannkonstabel	Karstein Golten
brannkonstabel	Kenth Trygve Haukeland
brannkonstabel	Kim Anders Viksøy
brannkonstabel	Kjell Havneraas
brannkonstabel	Kristoffer Sele
brannkonstabel	Malfred Rong
brannkonstabel	Mats Sjurson
brannkonstabel	Morten Solsvik

Beredskapsavdelinga held fram

brannkonstabel	Nils-Frode Haugro
brannkonstabel	Oddvar Haugetun
brannkonstabel	Olav Lygre
brannkonstabel	Petter Andreas Rørvik*
brannkonstabel	Espen Hjartøy
brannkonstabel	Remi Oen
brannkonstabel	Roger Skyttermoen
brannkonstabel	Rune Skogedal
brannkonstabel	Sten O. Stenhjem
brannkonstabel	Stian Telle
brannkonstabel	Stian Telle
brannkonstabel	Stig Fjell
brannkonstabel	Svenn B. Tornøe
brannkonstabel	Tony Rong
brannkonstabel	Torbjørn Borgen*
brannkonstabel	Vidar Halland
brannkonstabel	Viktor Oen
Brannkonstabel	Ørjan Oen

Oljeverndepot

Tilsynsmann	Frode Skjerping*
leiar depotstyrke	Atle Wickman
nk. depotstyrke	Petter Andreas Rørvik*
depotmannskap	John-Erik Mæland*
depotmannskap	Morten Tonheim
depotmannskap	Rune Børnes
depotmannskap	Ørjan Fredriksen
depotmannskap	Terje Madsen
depotmannskap	Terje Mellingen
depotmannskap	Ørjan Fredriksen
depotmannskap	John-Erik Mæland*

Brannførebyggjande avdeling

avd.leiar	Ove Geir Stusdal
-----------	------------------

Seksjon for hms-tilsyn og opplæring

seksjonsleiar	Kristine Fretheim
branninspektør	Ronny Gilborne*

Seksjon for feiing og tilsyn med fyringsanlegg

seksjonsleiar	Leif Ole Reithaug*
feiarformann	Torbjørn Borgen
feiarvein	Jan Petter Helle
feiarvein	John-Erik Mæland*
feiarvein	Therese Eines
feiarlærling	Susanne Rabben

*Personell som har fleire stillingar. Kan vere heiltidsstilling+deltidsstilling ev. to deltidstillingar. Tal på tilsette per 31.12.2018: 71



www.oybr.no